

Planprogram


Revisjon av arealdelen i kommuneplan 2013-24

Fastsatt i kommunestyret 21.06.2018

Dato: 29.05.2018

INNHALD:

- 1 Bakgrunn og rammer.**
- 2 Formål for planarbeidet**
- 3 Utviklingstrekk og utfordringer**
- 4 Planprosess . Medverknad**
- 5 Føringar for planrevisjon.**
- 6 Behov for utgreiingar.**
- 7. Vedlegg**
 - 7.1 Adresseliste**
 - 7.2 Opplegg for KU og ROS-analyse**



1 Bakgrunn og rammer.

Kommunestyret har i *Planstrategi* av 16.2.2017 gjort vedtak om at kommuneplanen sin arealdel skal takast opp til revisjon. Arealdelen vart vedteken i 2014, og vert under omtalt som KPA 14.

1.1 Lovgrunnlag. Statlege – regionale - lokale føringar.

Pbl. § 4-1. Planprogram

For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan ha vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.





1.2 Nasjonale forventningar

Regjeringa vedtok *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* 12.6. 2015

Sjå dokumentet på nettsida: Regjeringen.no (Publikasjonskode: H-2347 N).

Dokumentet peikar på kva kommunane skal leggja vekt på i si planlegging.

Under fylgjer eit *samandrag* med moment som er mest relevante for Vik kommune.

Gode og effektive planprosessar

Kommunane baserer planforslag og avgjerder på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og sikrar nasjonale og viktige regionale interesser.

Kommunane sikrar tidleg medverknad og involvering av publikum, relevante styresmakter, partar og interesseorganisasjonar.

Kommunane nyttar regionalt planforum aktivt.

Kommunane oppdaterer overordna planar, unngår fleire plannivå enn nødvendig,

Kommunane sikrar effektiv behandling av private planforslag og bidreg til god plankvalitet ved å gi tidlege, tydelege og relevante krav til utgreiingar og dokumentasjon.

Kommunane sikrar enkel tilgang til digitale plandata gjennom bruk av digitalt planregister og tek i bruk verktøy for digital plandialog og plan- og byggjesaksbehandling.

Bærekraftig areal- og samfunnsutvikling.

Kommunane legg vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.

Kommunane tek omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i samfunns- og arealplanlegginga og byggjesaksbehandlinga si.

Kommunane identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i kommunale planar

Kommunane set av nok areal til næringsutvikling som bidreg til behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Kommunane sikrar viktige jordbruksområde og legg til rette for nye og grøne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk.

Kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.

Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde.

Kommunane fastset utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, medrekna knutepunkt for kollektivtrafikken. Gjennom planlegginga trekkjer ein langsiktige grenser mellom tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde.

Kommunane legg vedtekne planar til grunn for eigne vedtak.

Den kommunale planlegginga legg til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Kommunane sikrar høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, legg til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet, og sikrar samanhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet.

Ein utnyttar potensialet for fortetting og transformasjon før ein tek i bruk nye utbyggingsområde.

Kommunane legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum, gjerne i samarbeid og samråd med privat næringsliv.

Arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grøne element blir tekne aktivt i bruk som ressursar i sentrumsutviklinga.

Kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.



Kommunane tek vare på naturverdiane og legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grøne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.

Kommunane legg prinsippa om tilgjenge og universell utforming til grunn i planlegging av omgivnader og bygningar.

1.3 Regional planstrategi (RP)

RP vedteken 14.6.2016 løftar fram desse overordna utfordringane:

Globalisering og sentralisering

Migrasjon og integrering

Kvinner utdanning og arbeidsmarknad

Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet

Klimaendringane

Desse utfordringane gjeld i varierende grad og for Vik Kommune, og vert lagt til grunn så langt det er aktuelt for Vik Kommune sine arealplanar.

1.4 Kommuneplanen og Kommunal planstrategi 16.2.17.

Kommuneplanen er den overordna styringsreiskapen for kommunen si verksemd.

I dokumentet Planstrategi, kap 5.3.1 er behovet for revisjon av kommuneplanen vurdert.

«Samla vurdering, kommuneplanen sin arealdel.

Arealdelen skal revidert i valperioden, med oppstart tidleg i 2017.

Fokusområde for revisjonen bør vera nye område for bustader og for næringsformål, med hovudvekt på hovudsoknet. Arealstrategi i KPA14 skal liggja fast.»

Kommuneplanen sin *samfunnsdel* 2013-24 skal framleis gjelda som overordna føring for alt planarbeid.

I kap. 4 under er det gjeve meir detaljerte føringar for planrevisjonen.

2 Formål for planarbeidet.

Eksisterande arealdel vart vedteken sommar/haust 2014, og er i hovudsak i ein tenleg plan for utvikling i kommunen og for styring av arealbruk i kommunen i tråd med overordna føringar.

Formål med revisjonen er ei oppdatering av gjeldande plan på grunnlag av dei føringar og avgrensingar som ligg i vedteken planstrategi.

Planperioden for revidert plan skal vera 12 år: 2018-2029



3.0 Utviklingstrekk og utfordringer.

I dokumentet Planstrategi vedteke KS 16.2. 2017 er det gjort ei vurdering av status og viktige utfordringer for Vik kommune med tanke på planbehov.

Framstillinga under har fokus på forhold og utviklingstrekk som er særleg relevant for arealbruk.

3.1 Folketalsutvikling.

Folketalsutvikling i Vik kommune. Tal ved utgang av året.

År	2013	2014	2015	2016	1.7. 2017
Fødselsoverskot	-16	-12	-10	-8	-13
Netto innvandring	27	15	20	28	
Netto innanlands flytting	-54	-13	-1	13	
Folketalsvekst	-43	-10	11	33	-25
Folketal Vik kommune	2731	2688	2689	2722	2697

Tabellen syner netto auke i folketal i perioden 2014-16, på grunn av stor innvandring og redusert netto utflytting. Langsiktig trend er likevel *nedgang* i folketalet.

På grunn av eit vedvarande fødselsunderskot, vil kommunen vera avhengig av stor tilflytting for å halda oppe/auka folketalet.

Folketal i krinsane. Endringar *Kjelde: SSB sine tal for grunnkrinsar. Pr.1.1*

Sokn	2005	2012	2017	Endring 2012-17	Endring 2012-17 %
Vik Hovedsokn	1851	1801	1795	- 6	- 1,1%
Fresvik	257	211	209	- 2	- 1 %
Feios	243	237	242	+ 5	+2%
Vangsnes	342	336	329	- 7	- 2 %
Arnafjorden	182	163	147	- 16	- 10 %

Tabellen viser tilnærma uendra folketal i krinsane siste 4 år, med unntak for Arnafjorden som har markert nedgang. Alle krinsar utanom Feios har markert nedgang i folketal etter 2005. Bakgrunnstala syner at sentrumskrinsen i Vik hovudsokn har auke og dalane nedgang i folketal.

SSB si framskriving av folkemende i Vik kommune. 2017-30 . Tal pr.1.1. (alt. MMMM)

Personar pr 1.januar/ aldersklassar	2017	2020	2025	2030
0-5 år	157	159	157	151
6-15 år	321	297	280	269
16-66 år	1635	1561	1471	1403
67 år og eldre	609	617	658	691
Samla folketal	2722	2634	2566	2506

SSB sin prognose for folketalsutvikling syner ein forventa reduksjon på 210-220 personar innan 2030.

Bakgrunnstala om aldersfordeling m.m. syner at det er lite realistisk å nå målet i KPS 12 om folketalsauke til 2800 innbyggjarar innan 2024

Med god tilrettelegging og aktivt arbeid for tilflytting kan ein håpa å bremsa/stogga den forventa folketalsnedgangen.



3.2 Kommune - og regionreform.

Det er avgjort at Vik kommune held fram som eigen kommune, og at Sogn og Fjordane vert slege saman med Hordaland. Det har ingen vesentlege praktiske konsekvensar for denne planrevisjonen.

3.3 Samferdsel.

Rassikringsprosjektet *Goteviktunnelen* mellom Vik og Vangsnes vert gjennomført i tida 2018-20. Det vil gje tryggare og raskare samband mellom Vik og Vangsnes, og senka terskelen for pendling mellom Vik og nordsida av Sognefjorden .

Anlegget vil gje stor anleggstrafikk på vegane i hovudsoknet, og leggja beslag på store areal i anleggstida.

Vikafjellstunnelen er ute av NTP, og oppstart kan ikkje ventast før tidlegast i slutten av planperioden for revidert arealdel.

Det er stort behov for rassikring av FV92 Vik- Arnafjorden.

3.4 Skulestruktur.

Skulestruktur i Vik kommune har vore oppe til vurdering og kommunestyret gjorde vedtak om å behalda eksisterande skulestruktur.

3.5 Mottak av flyktningar.

I Planstrategi 16-19 er det forutsett busetting av 47 flyktningar frå 2017 og nokre år framover. I tillegg kjem evt. familieegjenforening. Trongen for å busetja flyktningar har gått drastisk ned. Frå og med 2018 blir det lagt til grunn at Vik kommune ikkje blir oppmoda om å busetja nye flyktningar. Potensialet for familieegjenforeningar vil også avta.

3.6 Kommuneøkonomi

Terrasaka har hatt stor negativ verknad for kommuneøkonomien i Vik sidan 2007. Forliket med DnB i 2015 gjorde at ein kunne kvitta seg med det akkumulert underskot noko tidlegare enn planlagt. Framleis er det uavklara forhold i Terrasaka, som det er venta avklaring på i nær framtid.

Den negative folketalsutviklinga i Vik held fram, etter ein midlertidig oppgang i 2016 og deler av 2017 som fylgje av busetjing av flyktningar. Redusert folketal gir lågare utgiftsbehov og dermed lågare rammeoverføringar. Dette må møtast med kostnadsreduksjonar. Over mange år har ein no opplevd låge kraftprisar. Dette har stor innverknad på kommuneøkonomien då inntektene frå sal av konsesjonskraft, utbyte frå Sognekraft og verdsetjing av kraftanlegga ved fastsetjing av eigedomsskatt er vorte sterkt redusert.



3.7 Viktige arealplanar og tiltak etter planvedtak 2014. Arealreservar

Etter vedtak av KPA 14 er det laga og godkjent fleire arealplanar etter Pbl:
Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Planvedtak 2016
 (Fjellområde over kote 700 i Vik kommune . Del av fjellområda i 5 andre kommunar:
 Voss, Aurland, Vaksdal, Modalen, Høyanger)

Reguleringsplanar (År for planvedtak i parentes):

Reguleringsplanar for Tenål (2017) og Badnadalen (2016).	Vik Kommune
Reguleringsplan Galilea, Vik. (2015).	Vik Kommune
Reguleringsplan for Hesjaslettet (2016). Massedepot og masselager.	Vik Kommune
Reguleringsplan for Øenmarki, Vik. (2017).	Privat
Reguleringsplan for Sæbø 2 (2016).	Privat
Reguleringsplan for hytteområde Kleivi, Vangsnes (2016).	Privat
Reguleringsplan for hyttefelt Hagane, Vangsnes (2014).	Privat
Reguleringsplan for spreidd hyttebygging Bjørkviki (2016).	Privat
Reguleringsplan for Hovsviki (2017).	Privat
Reguleringsendring for depot i Bødalen, og reguleringsplan for Kålsetvegen (2017).	SVV
Reguleringsplan for Goteviktunnelen (2016).	SVV


Godkjende reguleringsplanar over omfattar:

- Ca 40 nye bustadtomter på Tenål, og tomter for konsentrert bustadbygging for 100-120 nye bustader i/nær tettstadsområdet i Vik.
- Ca 13 nye hyttetomter i strandsona.

Vik Kommune har under arbeid :

- Reguleringsplan for området Vikja- Seimsvegen. Om lag 30 daa næringsareal, m.m.
- Reguleringsplan Vik sentrum sør. Areal for Vik Fengsel. Veg Vange bru- RV13, m.m.
- Reguleringsplan Blix hotell m.m.

Kartutsnitt Vikøyri 1915 Ivar Refsdal



4 Planprosess og medverknad

Prosjektorganisasjon.

Planarbeidet vert organisert som eit prosjekt i regi av Vik Kommune

Oppdragsgjevar	Kommunestyret (KS)
Styringsgruppe:	Formannskapet (FS)
Prosjektansvarleg (PA):	Rådmannen
Prosjektleder (PL):	Plansjef
Arbeidsgruppa (AG):	Adm.arbeidsgruppe.

Rådmannen avgjer samansetting av den administrative arbeidsgruppa, ut frå behov i planarbeidet.

Medvirkning.

Plan- og bygningslova krev tilrettelegging for medvirkning i planprosessar:

§ 5–1 Medvirkning

Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.

Medvirkning i denne planprosessen skal sikrast med fleire tiltak, m.a.:

- Informasjon til ålmenta gjennom lokalavisa, og på kommunen si heimeside.
- Brev/E-post til høyringsinstansar, medrekna utvalde lokale lag og interessegrupper. (sjå adr.liste)
- Arbeidsmøte for folkevalde i KS og FS.
- *Eigne* møte med lokalt ungdomsråd, eldreråd og råd for funksjonshemma.
- Kontakt med skulen; ungdomsskuleklassar/elverådet.
- Møte med Næringssamskipnaden for å kartlegge behov for næringsareal.
- Eit folkemøte/ope møte.
- Møte med Planforum

Det er her tale om ein *avgrensa* planrevisjon med nokre utpeika fokusområde. Opplegg for medvirkning må tilpassast omfanget av planrevisjonen.



Planprosess

Nedanfor følger oppstilling over viktige tiltak og milepælar i planprosessen. Med atterhald om endringar under vegs.

Plantiltak.	Tid	Ansvar
Kommunestyret sitt vedtak om oppstart av planrevisjon. Inngår i «Planstrategi for Vik Kommune 2016-19»	16.2.2017	
Kunngjering av oppstart og planprogram for planrevisjon: - Annonse i Sogn Avis - Brev/E-post til høyringsinstansar . Jfr- adresseliste. - Kunngjering og info på Vik Kommune si heimeside - Møte med regionalt Planforum 6 veker høyring. Opning for innspel til planprogrammet.	Haust/vinter 2017/18	PA PL
Drøfting av planprogram og evt. innspel i FS og KS. Vedtak av planprogram.	Februar 2018	PA, PL FS,KS
Kunngjering av vedtak om planprogram. Invitasjon til å komma med innspel til planrevisjonen. Med tidsfrist. - Annonse i Sogn Avis - Brev/E-post til høyringsinstansar . Jfr- adresseliste. - Kunngjering og info på Vik Kommune si heimeside.	Mars 2018	PL
Utgreiingar/avklaringar: Siling av innspel. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse for evt. ny eller endra arealbruk. Utgreiingar	Vår 2018	PL PA AG
Arbeid med planforslag. - Arbeidsmøte, administrasjon og planutval. Etter behov - Eigne møte med lokalt ungdomsråd, eldreråd og råd for funksjonshemma - Folkemøte - Møte med Planforum - 1 arbeidsmøte KS og adm.	Vår /sommar 2018	PA PL AG FS KS
Forslag revidert plan til offentlig ettersyn/høyring. 6 veker. - Annonse i Sogn Avis - Brev/E-post til høyringsinstansar . Jfr- adresseliste. - Kunngjering og info på Vik Kommune si heimeside - Utlekking på kundetorget .	Haust 2018	PL
Vurdering av innkomne merknader/innspel. Avklaring av evt. <i>motsegner</i> . (Evt. endring og ny høyring)	Haust 2018	PA, PL AG
Drøfting og vedtak i KS	Vinter18/19	FS/FS
Kunngjering av planvedtak - Annonse i Sogn Avis - Brev/E-post til høyringsinstansar . Jfr- adresseliste. - Kunngjering og info på Vik Kommune si heimeside	Vinter 2018/19	PL



5 Føringar for planrevisjon.

5.1 Generelt

Ks har i sitt vedtak av planstrategi 2016-19 gjeve føringar for planrevisjonen. (vedlegg)

Utdrag frå dokumentet Planstrategi:

«KS meiner at strategiar for arealbruk i kap. 3 bør liggja fast som overordna føringar for arealbruken. Strategiane balanserer bruk og vern på ein god måte, og legg opp til å spara dyrka jord og redusera transportbehovet i tråd med nasjonale føringar og forventningar.

KS ser ikkje grunn til å gjera endringar i strategiar for arealbruk, i kap.3, KPA 14

Behov for nye utbyggingsområde bør så langt råd dekkast på areal som ikkje er dyrka eller dyrkbart, eller ved omdisponering og fortetting av eks. byggeområde. Dersom nye dyrka eller dyrkbare areal skal takast i bruk til byggeformål, skal arealstrategi i KP14 leggjast til grunn.

Samla vurdering, kommuneplanen sin arealdel.

Arealdelen skal revidert i valperioden, med oppstart tidleg i 2017.

Fokusområde for revisjonen bør vera nye område for bustader og for næringsformål, med hovudvekt på hovudsoknet. Arealstrategi i KPA14 skal liggja fast.»

Folkehelse

Vik kommune er ein av sju kommuner som skal vera med på «Nettverk Helseoversikt i kommuneplaner» i regi av KS. Det er oppstart hausten 2018. Målet med nettverket er at deltakarkommunane skal utarbeide helseoversikt for eigen kommune. Arbeidet vil gå parallellt med arbeidet med planrevisjonen. Fram til nettverket har kome i gang er det «folkehelseprofil 2016» for Vik kommune som er gjeldande grunnlag. Folkehelse ligg til grunn for vidareføreing og mogeleg vidareutviklinga av turløyper, gang- og sykkelvegar og moglege samanhengande blågrøne strukturar samt tilrettelegging for variert bustadtilbod i kommunen.

5.2 Arealstrategi

Arealstrategi skal vidareførast uendra frå KPA 14.

Strategi for arealbruk i KPA 14:

Generelt

- *Kommuneplanen skal leggja til rette for busetting og næringsutvikling i bygdene, og god forvaltning av natur og kulturarv i heile kommunen.*
- *Dyrka og dyrkbar jord skal så langt råd skjermast for utbygging. Areal registrert som kjerneområde landbruk bør generelt ikkje nyttast til utbyggingsformål.*
- *Det skal leggjast vekt på god avgrensing mellom landbruksområde og byggeområde*





- *Det skal satsast på Vangsnes som framtidig utbyggingsområde for bustader og næring, m.a. for å avlasta press på sentrumsnære landbruksareal i Vik*
- *sentrum/Flatbygdi.*
- *Ny utbygging skal så langt råd leggjast til område der ein kan gjera seg nytte av eksisterande infrastruktur: Veg, vatn , avlaup.*
- *Det skal leggjast opp til fortetting og/eller gjenbruk av eks utbygde område.*
- *Arealplanar/planar for utbygging skal ha som eit viktig mål å redusera behov for transport.*
- *Verdifulle areal for rekreasjon og friluftsliv, og naturområde med særlege kvalitetar, skal skjermast for utbygging/inngrep ut over enkel tilrettelegging for friluftsliv.*
- *Bygging i strandsona skal i hovudsak avgrensa seg til område som alt er utbygde. Attverande attraktive areal og strekningar i strandsona bør sikrast som fellesgode.*
- *Det kan opnast for spreidd utbygging som ivaretek omsynet til busetjing, og som ikkje er i strid med viktige samfunnsinteresser.*

Bustadområde

- *Nye større byggeområde for bustader bør liggja i gang/sykkelavstand frå skule/barnehage.*
- *Det skal planleggjast for høg arealutnytting i og nær Vik sentrum.*
- *Ny bustadbygging i sentrumsområdet skal i hovudsak vera konsentrerte småbustader.*

Hyttebygging

- *Hyttebygging skal i hovudsak skje som fortetting/utbygging av eksisterande område, evt. i nye regulerte felt.*
- *Ny hyttebygging i høgjellet skal avgrensast til moderat fortetting av eks. utbygde område i Skjelingen og Fosse/Hestavollen , av omsyn til m.a. drikkevatt, villrein og friluftsliv.*

Næring og liknande

- *Det skal vera eigna areal for næring og liknande. i alle sokner.*
- *Større område for næringsformål bør lokaliserast nær hovudveg og hamn.*

5.3 Fokusområde : Bustader

Registrert bustadbygging siste 4 år :

Bustadbygging siste 4 år har vore om lag 9 pr år i snitt.

KPA 14 legg til grunn eit behov på 18 -20 bustader/år.

Låg byggetakt kan delvis tilskrивast mangel på byggeklare tomter, særleg i Vik.

Tomtereservar pr.1.10.2017:





Sokn	Regulerte bustadareal Tal bustader/tomter	Avsette, ikkje regulerte areal i KPA 14 Tal daa
Arnafjord	Framfjorden 2-3 Indrefjorden Ca 10-12* *Bustad/hytter	B1 Odlane 2, Framfjorden 8
Vik	<i>Frittliggjande einebustader:</i> Tenål, Følid, Prestberget 45-50 <i>Konsentrert bustadbygging:</i> Sæbø 2, Galilea, Øenmarki 80 - 100	B3 Tryti 6 B21 Sæbø, Ara 10
Vangsnes	Tråna 2 17 ** ** 12 byggeklare	B5 Tråna sør ca 10 B6 Vangsnes nord ca 25 B7 Oppside Bygdavegen ca 25 B8 Kaklehaugen ca 170
Feios	Rinde 2 2-3	B9 Feidjehagane ca 20
Fresvik	Høgheim 1 Grundeland 3 Fresvik Sentrum 2 - 4	B10 Grundeland 2 7 B11 Del av 135/2 4

Vurdering av arealbehov til bustader

Areal avsett til bustadformål i soknene Arnafjorden, Vangsnes, Feios og Fresvik er vurdert å vera tilstrekkeleg også ut planperioden for revidert plan (2029).

For Fresvik kan det vera grunn til å revurdere lokalisering av avsette område, med tanke på m.a. å nytta ny avløpsledning frå Grundeland-feltet

For *hovudsoknet* er det behov for å avklara nye byggeområde for bustader.

Erfaring syner at det tek lang tid å gjera avsette areal byggeklare.

Tenål/Følid er i KP 14 utpeika som framtidig utbyggingsområde for einebustader i hovudsoknet. Byggesteg 1 er ferdig regulert. Neste utbyggingssteg bør avklarast i revidert plan. Hovudvegsløysing for heile området bør og avklarast.

Føresegner om rekkefylgje bør fastsettast for å sikra at byggesteg 1 i hovudsak er utbygd før neste steg vert opna for bygging.

Det skal vurderast om det er behov for ein noko *større* meny av byggeområde for bustader i hovudsoknet, som supplement til Tenål/Følidområdet.

Når Goteviktunnelen opnar i 2020 vil Vangsnes i større grad kunna avlasta Vik som byggeområde.

Revidert plan skal visa nye areal for *konsentrert bustadbygging i tettstadsområdet* i tillegg til område avsette i KP14. Føresegner for rekkefylgje skal vurderast.

Ei oppdatert *behovsvurdering* i revidert plan skal gje føringar for omfang/storleik av nye byggeområde.

Spreidd utbygging av bustader i LNF-område.



I eks. plan KPA14 er tiltak i LNF område anna enn det som er knytt til landbruk, avhengig av *dispensasjon etter pbl § 19*. Retningslinjer for slik dispensasjon er gjeve i kommuneplanen. Retningslinjene skal takast opp til vurdering i samband med planrevisjonen. Pbl. gjev høve til å opna nærare avgrensa LNF-område for *spreidd utbygging utan* dispensasjon, på visse vilkår. For nokre delvis utbygde område i kommunen kan det vera eit alternativ å vurdere.

5.4 Fokusområde : Næringsareal

Vik og Vangsnes

Når Goteviktunnelen opnar i 2020 vil Vangsnes vera knytt til Vik med trygg reiseveg og reisetid på 10 min, på linje med dalane i hovudsoknet.

Gjeldande arealstrategi forutset at nye byggeområde på Vangsnes skal avlasta presset på verdifulle landbruksareal i Vik. Det gjeld og næringsformål.

I KP 14 er avsett store areal til næringsformål. Det meste ligg framleis som unytta arealreserve. Noko regulert, noko under regulering, og noko uregulert.

- Raudegjerd, Vangsnes aust. Ca 40 daa arealreserve. Ikkje oppstarta regulering.

- Vikja austside Ca 20 daa arealreserve. Reguleringsplan under arbeid.

- Hesjaslettet, Vik. (Depot/masselager m.m.) Vedteken reguleringsplan.

- større bedrifter som Vik-Ørsta, Linn Bad og Vik Meieri disponerer reserveareal for eigne formål. I tillegg er deler av sentrumsområdet avsett til *sentrumsformål*, som opnar for bygging av forretning/kontor o.l.

Prosjekt Goteviktunnelen vil leggja beslag på ein del av desse næringsareala i byggefasen. Etterpå vert dei tilgjengelege for anna næringsverksemd.

Avsette areal i KPA 14 er vurdert å dekke behovet i planperioden, forutsett at dei vert utvikla og gjort tilgjengelege som reelt tilbod til næringsdrivande.

Det er likevel behov for å avklara *framtidige* areal for næringsformål, slik at tomte mangel ikkje vert ein flaskehals for utvikling.

For å unngå ytterlegare nedbygging av dyrka mark, skal planarbeidet fylgja to spor

1. Smartare bruk av eksisterande næringsareal: Aralkrevande verksemd som ikkje er avhengig av plassering i/nær sentrum skal styrast til andre område, td. Vangsnes eller Hesjaslettet.
2. Nye areal, lokalisert nær hovudveg, men ikkje på dyrka mark. Evt. omdisponering av dyrka jord skal så langt råd erstattast med nydyrka areal.

Arnafjord, Feios og Fresvik sokn

Av avsette areal til næringsformål i KPA14 ligg framleis store deler som ubrukt arealreserve. Innspel til planarbeidet og kontakt med m.a. bygdelaga og lokale næringsdrivande vil gje grunnlag for å vurdere behovet for nye areal, evt. endringar i avsette areal.



5.5 Areal for fritidsbustader og stølshus.

Registrert hyttebygging siste 4 år er ca 7 hytter i snitt.

Det er i KPA 14 avsett store areal for fritidsbustader i alle sokn.

Avsette areal er vurdert å dekke behovet ut over planperioden for revidert plan.

Evt. innspel om nye utbyggingsområde vil verta vurderte i lys av dette.

Det er registrert ynskje om bygging av fritidsbustader i stølsområde.

Det kan vurderast om nokre stølsområde bør opnast for bygging av stølshus for eigarar/rettshavarar som ikkje driv aktivt med beitedyr. Målet med dette må vera å bevare stølspreget. Dette gjeld stølsområde som ligg **utanfor** landskapsvernområda og Fjellheimen villreinområde.

5.6 Areal for offentlege tenester og fellesgode.

Med venta folketalsutvikling er avsette areal til offentlege bygg og anlegg vurdert å vera tilstrekkeleg. Innsatsen må setjast inn på naudsynt oppfylgjing/gjennomføring av planen, med m.a. regulering av området rundt Feios skule og Vik Barnehage, og utviding og opprusting av uteområdet på Flatbygdi skule. Evt. endringar i skulestruktur kan konsekvensar for arealbruk. Dette skal vurderast i planrevisjonen.

5.7 Samferdsel. Vegar.

KPA 14 legg til rette for gjennomføring av dei store samferdselstiltaka på RV13:

Goteviktunnelen og Vikafjellstunnelen, så langt det er aktuelt i arealdelen til kommuneplanen.

KPA 14 viser og alternative trasear for ein ny /omlagt veg frå RV 13 sør for Vik kyrkje til Vange bru. Endeleg vegløyning skal avklarast i oppstarta reguleringsplan Vik sentrum sør.

Rassikring av FV92 Vik-Arnafjorden må vera eit prioritert tiltak i planperioden for revidert plan.

Det skal vurderast tilrettelegging og tiltak for meir bruk av sykkel i kvardag og fritid.

5.8 Fjellområda:

Arealbruken i KPA 14 er i det alt vesentlege samanfallande med Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde, vedteken 2016.

Arealbruk fastsett i KPA 14 for fjellområda i kommunen er forutsett vidareført i ny plan. Deler av fjellområda i Vik kommune ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde og Stølsheimen landskapsvernområde. For begge områda gjeld reglane i verneforskrifta og dette er forutsett vidareført i ny plan.

5.9 Sjøområda





Avsette område til akvakultur vart i plan av 2014 vidareført frå plan av 2005. Områda er ikkje tekne i bruk. Det skal vurderast om det er grunnlag for vidareføra områda i revidert plan. Det skal vurderast forbod mot vass-scooter i sårbare deler av sjøområda.

5.10 Kulturminne og kulturmiljø

Mange verdifulle kulturminne og kulturmiljø i Vik kommune er freda etter Kulturminnelova eller verna etter Plan-og bygningslova og /eller Naturmangfaldslova. I arbeidet med delplan for kulturminne for Vik kommune er det registrert mange verdifulle kulturminne og kulturmiljø som ikkje har nokon form for vernestatus. Verdifulle kulturmiljø framheva i (framlegg til) delplanen skal vurderast lagt inn i revidert arealdel som omsynssoner H570 «bevaring av kulturmiljø».

5.11 Friluftsområde.

Vik kommune har starta opp *Kartlegging og verdivurdering av friluftsområder i kommunen*. Arbeidet er del av eit nasjonalt registreringsarbeid, forankra i *Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv* og *Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder*. Særleg verdifulle, større område bør visast i revidert plan som omsynssoner for friluftsliv.

5.12 Vassdrag. Forvaltning og kraftutbygging.

Store deler av vasskraftpotensialet i Vik kommune er utbygd. I KPS 12 er det forutsett utarbeiding av ein kommunedelplan for små vasskraftverk, for å avklara kva vassdrag som bør skjermast for framtidig utbygging. Ein slik plan er ikkje laga. Planstrategi 2016-19 forutset at ei slik avklaring vert gjort i revidert arealdel, som alternativ til ein eigen delplan. (Jfr. pkt.5.3.2 i Planstrategi) Gjeldande økonomiske rammevilkår tilseier at det er lite aktuelt med nye vasskraftutbyggingar i Vik ut over dei som alt har konsesjon. Avklaring som omtalt over kan difor i denne revisjonen avgrensast til vurderingar på eit overordna nivå. Føringer i Plan for vassforvaltning i Sogn og Fjordane (2016) skal nedfellast i føresegner og retningsliner i revidert plan, så langt det er aktuelt.

5.13 Klimaendringar og klimatilpassing.

KPA -14 tek omsyn til varsla og forventna klimaendringar . Evt. ny kunnskap som kjem fram i planarbeidet kan gje grunnlag for endringar .

5.14 Byggeområde i aktsemdsområde for skred/flaum.

Nokre avsette byggeområde i KPA14 ligg i aktsemdsområde for skred. Så lenge det ikkje er gjort skredfårevurdering av geolog er det usikkert om dei representerer ein reell arealreserve. Slike område skal vurderast *fjerne* frå planen, dersom det ikkje vert lagt fram geologvurdering som syner at områda er eigna/trygg byggegrunn.



I revidert plan skal det ikkje leggjast inn nye område med uavklara tryggleik i høvet til skred/flaum.

5.15 Planføresegner og retningslinjer.

Det skal gjerast ei vurdering av planføresegner og retningslinjer i lys av erfaringar med KPA14.

Det er i utgangspunktet ikkje registrert behov eller ynskje om *større* endringar i planføresegner ut over det som fylgjer av evt. endringar i plankartet.

Planretningslinjer pkt. 3 *Dispensasjon for spreidd bustadbygging i LNF-område* skal takast opp til revisjon. (Jfr. Pkt 5.3 over)

5.16 Krav til innspel.

Alle innspel må vera skriftlege, med dato , navn, adresse og telefon/E-post.

Innspel som gjeld konkrete arealbruksendringar (nye byggeområde o.l.) må i tillegg dokumenterast med kartvedlegg, der avgrensing av område er påteikna.

Areal til byggeformål må vera trygge for naturfare (ras/flaum), evt. dokumentert trygge med enkle sikringstiltak.

Innspel som er klart i strid med føringar som er gjevne i gjeldande planstrategi og i dette planprogrammet, vert som hovudregel ikkje tekne til fylgje.

6 Behov for utgreiingar.

Det er avgjerande for kvaliteten i revidert plan at *kunnskapsgrunnlaget* er mest mogeleg komplett og oppdatert. Kunnskapsgrunnlaget består av både eksisterande kunnskapsgrunnlag, i form av eksisterande databasar, vedteken planar, temakart og fagrapportar, og ny kunnskap i form av nye utgreiingar eller revisjonar.

Under fylgjer ei oppstilling over **nye** utgreiingar eller eigne dokument som skal utarbeidast/oppdaterast og nyttast som nytt kunnskapsgrunnlag i denne planrevisjonen:

- Behovsvurdering av bustader.
- Behovsvurdering for næringsareal.
- Kjerneområde landbruk. Matproduksjon og kulturlandskap. Rapport Rådmannen 2013. Revisjon er under arbeid. Forutsett ferdig sommar 2018.
- Registrering og verdivurdering av *friluftsområde*. Prosjekt under arbeid. Forutsett ferdig haust 2018.
- Kommunedelplan for kulturminne forutsett vedteken haust 2018.
- Plan for busetjing og integrering av flyktningar. Planen er under arbeid. Forutsett vedteken sommar 2018.



- Konsekvensutgreiing (KU)
Konsekvensutgreiinga skal skildre verknader for miljø og samfunn for:
 - Nye områder sett av til utbyggingsformål.
 - Område med endra utbyggingsformål.
 - Område der førsengene som styrer arealbruken vert vesentleg endra.
- Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)
Det skal gjennomførast ROS-analyse for område der det vert planlagt ny utbygging. Føremålet med ROS-analysen er å synleggjera risikofaktorar som kan få betydning for den planlagde arealbruken.

Opplegg for konsekvensutgreiing (KU) og sjekkliste for ROS-analyse er gjeve i vedlegg 7.2



Aorebotn, Vikafjellet.





Oppstartvarsel for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Vedlegg 7.1 Adresseliste

Høyringsinstansar

Adresseliste pr. 14. 11. 2017. Rev.-

Namn	E-postadresse	Adresse
Balestrand Kommune	postmottak@balestrand.kommune.no	6899 BALESTRAND
Leikanger Kommune	postmottak@leikanger.kommune.no	Skrivarvegen 7, 6863 LEIKANGER
Sogndal Kommune	postmottak@sogndal.kommune.no	Postboks 153, 6851 SOGNDAL
Lærdal kommune	post@laerdal.kommune.no	Postboks 83, 6886 LÆRDAL
Aurland kommune	post@aurland.kommune.no	Vangen 1, 5745 AURLAND
Voss Kommune	postmottak@voss.kommune.no	Postboks 145, 5702 VOSS
Vaksdal Kommune	post@vaksdal.kommune.no	Konsul Jebsensgt.16, 5722 DALEKVAM
Modalen Kommune	postmottak@modalen.kommune.no	5729 MODALEN
Høyanger Kommune	postmottak@hoyanger.kommune.no	Postboks 159, 6991 HØYANGER
Nordfjella og Fjellheimen villreinnemd v/ Sogn Naturforvaltning		Sogn Naturforvaltning Fresvikvegen 995, 6896 FRESVIK
Fjellheimen Villreinutval		v/ Arne Nesheim, Eksingadalsvegen 2536, 5728 EIDSLANDET
Nærøyfjorden Verneområdestyre	fmsfano@fylkesmannen.no	Nærøyfjorden verneområdestyre v/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Nærøyfjorden Verdsarvpark	erling@naroyfjorden.no	Helabrotet 2A, 5745 AURLAND
Stølsheimen Verneområdestyre	fmsfano@fylkesmannen.no	Stølsheimen verneområdestyre v/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	fmsfpost@fylkesmannen.no	Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Hordaland	fmhopostmottak@fylkesmannen.no	Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune	hfk@hfk.no	Postboks 7900, 5020 BERGEN
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Postmottak.sentraladm@sfj.no	Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
Statens Vegvesen. Region vest.	Firmapost-vest@vegvesen.no	Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
NVE Region vest	rv@nve.no	Postboks 53, 6801 FØRDE
Kystverket vest	post@kystverket.no	Postboks 1502, 6025 ÅLESUND
Fiskeridirektoratet region vest	postmottak@fiskeridir.no	Postboks 185, 5804 BERGEN





Direktoratet for mineralforvaltning	mail@dirmin.no	Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
Mattilsynet, Felles postmottak	postmottak@mattilsynet.no	Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL
Sognekraft AS	post@sognekraft.no	Postboks 3, 6891 VIK I SOGN
Statkraft Vikfalli	Annesissel.hove@statkraft.com	6893 Vik i Sogn
Fjord 1	sognbillag@fjord1.no	Postboks 67, 6851 SOGNDAL
SIMAS	post@simas.no	Amla, 6854 KAUPANGER
Kriminalomsorgen Vik Fengsel	postmottak.vik-fengsel@kriminalomsorg.no	6893 VIK I SOGN
Lensmannen i Vik	post.vest@politiet.no	Pb. 34, 6891 VIK I SOGN
Repr. For born og unge i Vik.	britt.marit.stadheim@vik.kommune.no	v/B. M. Stadheim, 6893 VIK I SOGN
Forum for natur og friluftsliv FNF Sogn og Fjordane	sognogfjordane@fnf-nett.no	Sognefjordvegen 40, 6863 LEIKANGER
Biskopen i Bjørgvin	Bjoergvin.bdr@kyrkja.no	Pb.1960 5817 Bergen
Opplysningsvesenets fond	ovf@ovf.no	Opplysningsvesenets fond pb 535 sentrum, 0105 OSLO.
Visit Sognefjord	stale@sognefjord.no	Trolladalen 30, 6856 SOGNDAL
Statnett	firmapost@statnett.no	Statnett SF, Pb4904 Nydalen, 0423 Oslo

Lag og organisasjonar i Vik kommune (Utval)

Namn	E-post	Kontaktperson
Vik kyrkelege fellesråd.	Ingunn.bjork.refsdal@gmail.com	v/ingunn Bjørk Refsdal, Øvste Hopperstadmarki 10 6893 VIK I SOGN
Eldrerådet	oddvartryti@hotmail.com	v/ Oddvar Tryti, Hopperstadvegen 49, 6893 Vik i Sogn
Råd For Funksjonshemma	britt.marit.stadheim@vik.kommune.no	v/sekretær Britt Marit Stadheim
Vik Næringssamskipnad	jar@blixhotell.no	v/Jorunn Åsfrid Røyrvik, Villastrøket 5 6893 VIK I SOGN
Vik Idrettslag	br@montal.no	v/Bjartmar Rinde, 6893 VIK I SOGN
IL Modig	siri@sbnatur.no	v/Siri W Bøthun, Holmavegen 32, 6896 FRESVIK
Feios IL	roger.ulvestad@gmail.com	v/ Roger Ulvestad, Feiosvegen 471, 6895 FEIOS
Vik Turlag	Vik.turlag@dnt.no	v/ Karen Weichert , Postboks 62, 6891 VIK I SOGN
Vik Bondelag	jo.rislov@gmail.com	v/ Jo Risløv, Rislågvegen 95, 6893 Vik i Sogn
Vik Skogeigarlag	torkjell.dyrdal@vik.kommune.no	v/Torkjell Dyrdal (kontaktformidlar), Pb 34,





		6891 VIK I SOGN
Fresvik Bygdelaag	bfritsvo@gmail.com	v/Björg Fritsvold, Hovsvegen 183, 6896 FRESVIK
Feios Bygdelaag	feiosbygdalaag@hotmail.com	v/Terje Harbakk, Feiosvegen 445, 6895 FEIOS
Vangsnes Bygdelaag	turboevens@hotmail.com	v/Katrine Evensen Hove, Framnesvegen 6, 6894 VANGSNES
Arnafjord Bygdelaag	Thale.halset@gmail.com	v/Thale Charlotte Halset, Åsevegen 200, 6893 VIK I SOGN
Strendene Grunneigaraag		v/ Harald Hanekam, Sinklesteinsviki 2, 6894 Vangsnes
Arnafjord Grunneigaraag		v/Endre Nese, Kråkevegen 51, 6893 VIK I SOGN
Framfjord Grunneigaraag	ledvin.dale@sogn.no	v/Ledvin Dale, Dalavegen 247, 6893 VIK I SOGN
Indrefjord Grunneigaraag		v/Leiv Johannes Balevik, Sæbøhagen 6, 6893 VIK I SOGN
Fresvik Grunneigaraag	grysettevik.gs@gmail.com	v/Gry Settevik Skogheim, Åsavegen 17, 6893 VIK I SOGN
Vangsnes Grunneigaraag	harald@fossemaskin.no	v/Harald Even Fosse
Vik Grunneigaraag		v/John Holstad, Bødalsvegen, 6893 VIK I SOGN
Vik Jakt- og Fiskelaag	morten@vik-jfl.no	v/ Morten Jakobsen, Vetleøyri 2, 6893 Vik i Sogn
Feios Skyttaraag	paultownsendpaul@netscape.net	v/ Paul Townsend, Lundsvegen 169, 6895 FEIOS
Vik Skyttaraag	arvstadh@online.no	v/ Arvid Stadheim, Stadheimsvegen 69, 6893 Vik i Sogn
Vangsnes Båtlagaag		v/Marit Pettersen, Øyri 23, 6893 Vik i Sogn
Vik Båttorening		v/Dagfinn Otterskred, Sjøtunvegen 18, 6893 Vik i Sogn
Fresvik Småbåthavn		v/ Jon Simlenes, Solalivegen 11, 6896 Fresvik



7.2 Vedlegg: Opplegg for KU og ROS-analyse .

Konsekvensutgreiingar av tiltak i kommuneplanen.

I kommuneplanen er det tale om ei *overordna* vurdering av konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn, basert på *eksisterande* kunnskap. Konsekvensvurderinga skal avgrensast til det som er viktig for å ta stilling til den aktuelle planen/endinga.

Endringar og nye tiltak i planen skal vurderast med tanke på *virkningar for miljø og samfunn*, I samsvar med Pbl § 4.2 og *Forskrift om konsekvensutredninger* av 2017.

KU-forskrifta krev ei skildring av virkningane både av dei enkelte utbyggingsområda, kvar for seg, og samla arealbruksendring i planen.

Siling.

Alle innspel til planarbeidet skal silast og vurderast i forhold til

- konflikhtar med viktige verneverdiar eller overordna føringar?
- samsvar med lokale føringar som t.d planprogram, vedteken arealstrategi ?
- aktuelt for oppstart i planperioden?

Veileder til konsekvensutredninger viser til at «*vurderingar og siling av andre områder og alternativer som er forkastet i løpet av planarbeidet bør også dokumenters*».

Dei innspel som ikkje vert forkasta skal konsekvensutgreiast.

Konsekvensutgreiing er todelt:

Del 1

Vurdere verdi og endring for kvart enkelt utbyggingsområde. Metode er skildra under.

Tiltak som skal vurderast:

- Nye område avsette til utbyggingsformål.
- Endra utbyggingsformål
- Opning for spreidd utbygging i LNFR-område
- Bandlegging etter Pbl. § 11-8 tredje legg boksad d) og endring av planføresegner kan og medføra utgreiingsplikt.

Del 2

Vurdere verknadane etter både arealføremål og utgreiingstema av dei samla arealbruksendingane i planframlegget.

Her vil me nytta same metode som nytta i gjeldande arealdel til kommuneplanen, KPA 14, kapittel 4.4. Punktvis, skriftleg overordna vurdering der minusteikn = negativ konsekvens og plussteikn = positiv konsekvens.

DEL 1: Metode for konsekvensutgreiing av kvart enkelt utbyggingsområde:

Konsekvensvurderinga har to deler:

- a) verdivurdering av det aktuelle arealet
- b) konsekvensar av endra arealbruk



Vurdering av verdi og konsekvensar tek utgangspunkt i kjend kunnskap i form av kartleggingar, registreringar og lokalkunnskap.

A) Verdivurdering av det aktuelle arealet

Verdi vert vurdert for kvart område og omfattar desse tema:

- Landbruksverdi.
- Naturverdiar og biologisk mangfald (naturgrunnlag, landskap, biologisk mangfald, vassdrag, strandsone, m.m.).
- Kulturminne og kulturmiljø.
- Friluftsliv (turveggar/turområde, område for bading, friluftsliv, jakt/fiske).
- Barn og unge (kjende område for leik/opphald).

Verdisetting er 3-delt: Liten, Middels, Stor (L-M-S).

Liten: Område utan kartlagde eller kjende forekomstar.

Middels Område med kartlagde eller kjende forekomstar som er viktige lokalt.

Stor: Område med kartlagde eller kjende forekomstar av regional og/eller nasjonal verdi.

B) Konsekvensar av endra arealbruk.

Konsekvens av ny/endra arealbruk kjem fram ved ei samanstilling av verdi og omfang:

Verdi x omfang= konsekvens

Omfang av endringane skal vurderast og verdsetjast. Dette er ei vurdering av kva konkrete endringar tiltaket kan medføre. Omfang av endringane vert vurdert for dei same tema som vert konsekvensutgreidde (eige kolonne i KU-skjemaet nedanfor).

Skala for omfang er fylgjande:

-2	-1	0	+1	+2
Stort negativt omfang	Middelse negativt omfang	Lite eller utydelege omfang	Middels positivt omfang	Stort positivt omfang
Arealbruken vil øydelegge for det aktuelle tema	Arealbruken vil redusere verdien for det aktuelle tema	Arealbruken har ikkje innverknad på tema	Arealbruken vil betre verdien for det aktuelle tema	Arealbruken vil i stor grad betre verdien for det aktuelle tema

Konsekvensvurdering skal gjerast for fylgjande tema:

Miljø:

- Landbruk/jordvern. Konsekvensar for landbruksproduksjon.
- Naturverdiar og biologisk mangfald. Konsekvensar for biologisk mangfald, vilførekommstar, NML, strandsona.
- Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Konsekvensar for sårbare/verdfulle kulturminne, - miljø og -landskap.
- Landskap. Konsekvensar for sårbare/verdfulle landskap.
- Strandsone – vassdrag og fjord. Konsekvensar i forhold til dagens tilstand.
-

Samfunn





- Areal og transport. Konsekvensar for vegtilkomst, transport- og utbyggingsmønster.
- Barn og unge. Konsekvensar for leik- og opphaldsareal og trygg skuleveg.
- Nærmiljø og friluftsliv. Konsekvensar for turområde/friluftsområde/folkehelse
- Grunneigarinteresser.
- Infrastruktur og offentlege tenester. Skule/barnehage, omsorgstenester, VVA-anlegg m.m.
- Næringsutvikling og sysselsetting
- Universell utforming. Tilgjenge for alle.
- Samfunnstryggleik. Risiko og sårbarheit (ROS)

Konsekvensar vert gjeve på ein 7-delt skala:

- + 3 = stor positiv konsekvens
- + 2 = middels positiv konsekvens
- + 1 = litt positiv konsekvens
- 0 = lite eller ingen konsekvens
- 1 = litt negativ konsekvens
- 2 = middelse negativ konsekvens
- 3 = stor negativ konsekvens

Ikkje alle tema er relevante for alle tiltak. Desse er då ikkje talfesta eller omtala vidare.

Kunnskap.

Dei faglege vurderingane byggjer på eksisterande/kjend kunnskap me har for området pr. i dag.

Fylgjande kjelder vert brukte i tillegg til lokalkunnskap:

- Fylkesatlas (ras, flaum, naturområde, kulturminne, m.m.)
- Naturbasen.
- Askeladden. Riksantikvaren sin kulturminnebase.
- «Vann-nett» og «vannmiljø».
- Gardskart.
- Sognekart/kommunekart
- Markslagskart. Skog og Landskap.
- Vik Lokalhistorisk Arkiv.

Døme: Skjema nedanfor viser døme på oppsett for eitt område.

Område B1 Reina 10da	Areal:	Planlagt arealbruk: Bustadområde
Oversiktskart		Detaljkart
Planstatus : LNFR		Eksisterande arealbruk: Landbruk

Kort omtale av tiltaket:

Verdien av området knytt til miljø og samfunn





Verdivurdering	Verdi L/M/S	Merknad
Landbruk		
Naturverdiar og biologisk mangfald		
Kulturminne og kulturlandskap.		
Friluftsliv/rekreasjon		
Barn og unge		

Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved ny arealbruk

TEMA	Omfang av endring	Konsekvens	Merknad
Miljø			
Landbruk/jordvern			
Naturverdiar/biologisk mangfald			
Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap			
Landskap			
Strandsone – vassdrag og fjord			
Samfunn			
Areal og transport			
Barn og unge			
Nærmiljø og friluftsliv			
Grunneigarinteresser			
Infrastruktur og offentlege tenester			
Næringsutvikling og sysselsetting			
Universell utforming			
Samfunnstryggleik. Risiko og sårbarheit (ROS)			Jfr. Skjema sjekklisteROS.

- **Vurdering:**
- **Fagleg tilråding:**



Revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Sjekkliste for ROS-analyse

Pbl § 4-3 stiller krav om risiko- og sårbarhetsanalyse i planarbeid.

Endringar /tiltak skal vurderast i høve til sjekklista nedanfor.

Metode: Vurdering opp mot kjent kunnskap.

Resultat av gjennomgang vert ein del av den samla konsekvensvurderinga. (KU)

XX OMRÅDE

1	Natur risiko	Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmende liste.	Ja	Nei
1.1	Skred	Er området utsett for skred iflg. NGU sine kart for skredfare? Er skredfare vurdert? Kan tiltaket gje auka fare for skred?		
1.2	Vind/ ekstremvær	Kan tiltaket verta usett for skade ved sterk vind/ekstremvær? Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær?		
1.3	Flaum og stormflo	Er tiltaket utsett for flaum? Er tiltaket utsett for stormflo? Finst flaumsonekart? Kan tiltaket gje auka fare for flaum?		
1.4	Radon	Behov for radonmåling?		
1.5	Klimaendring	Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.		
1.6	Handtering av overvatn			
2.	Verksemd risiko			
2.1	Ekspllosivlager/ Verksemdar med oppbevaring av farlege stoff	Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket? Er det verksemdar med oppbevaring av farleg stoff i eller nær området?		
2.2	Transport av farleg gods	Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg? Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?		
2.3	Brannfareområde	Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing? Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?		
2.4	Ureina grunn. Deponi	Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?		
2.5	Dambrot.	Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?		
2.7	Trafikkfare	Er trafikktryggleik vurdert? Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?		
	Sårbare objekt	Vil forslaget gje auka risiko for viktige/sårbare bygg/anlegg?		
3.1	Skule/barnehage	Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?		
3.2	Institusjonar og viktige offentlege bygg	Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?		
3.3	Kulturminne	Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?		





3.4	Drikkevatt og avløpsnett	Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak , ledningsnett for vatn og avløp?		
3.5	El.- og telenett	Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?		
3.6	Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar	Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak ?		
3.7	Natur	Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.		
4	Beredskap			
4.1	Politi/brann/ambulans e /lege	Utløyer tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?		
4.2	Sivilforsvar/Røde kors	Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?		
4.3	Vasstrykk/sløkkjevatn	Utløyer tiltaket behov for forsterka kapasitet?		
5	Samvirke av tiltak	Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?		

Konklusjon (døme):

- Reell rasfare og evt. sikringstiltak må avklarast før evt. bygging kan tillatast.

